

## Fleire krav til Halsabrotet-planen

13.07.2009



No har også Statens vegvesen og Miljøretta helsevern i kommunen uttala seg om reguleringsplanen i Nedre Halsabrotet fremma av Ivar Gundersen.

Vegvesenet har ikkje vesentlege merknader, men skriv at felles parkeringsplass ved miljøstasjonen skal ha grøn farge i staden for grå, at plangrensa skal flyttast slik at avkøyrslar til forretningsbygga på kvar side er teke med med siktlinjer og at felles parkeringsplassar må få rett plass i reguleringsførere segnene.

Miljøretta helsevern er oppteken av at bustadane blir utforma etter prinsippa om universell utforming. Det inneber mellom anna at det skal vera trappefri adkomst frå terreng/parkering til bustaden sitt inngangsplattform og terrase/privat uteplass. Gangvegar må vera trinnfrie og med ein maksimum stigning på 1:20, unntaksvist 1:12 over korte strekningar.

Det må veljast fast dette som er eigna for å køyra/trilla på. Ein må samtidig variera materialval eller på annan måte markera føringeskantar for synshemma. Det må tydeleg markerast kva som er gangareal og trafikert område.

Areal for leik må bli utforma med moglegheit for sansing og bevegelse slik at også funksjonshemmede barn kan komme til arealet og nyta det.

Leikeplassen med tilhøyrande apparater må tilfredsstilla gjeldande krav til tryggleik.

Miljøstasjonen må utformast slik at det er mogleg for rullestolbrukarar å nå opp til avfallslukene.

Av Ola Matti Mathisen